

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 16.01.2017

Vår ref.: 201503239-4

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Ingrid Haug

Høyring av søknad om endra tekst i manøvreringsreglementet for Jølstervatn i Jølster kommune, Sogn og Fjordane fylke

NVE har motteke søknad frå Sunnfjord Energi AS om å få endra tekst i manøvreringsreglementet for Jølstervatn i Jølster kommune. Søknaden blir sendt på høyring til alle som saka vedkjem. Høyringsfrist er 20.april 2017. Bruk gjerne nettsida til NVE når de sender fråsegn.

Vi viser til vedlagt søknad frå Sunnfjord Energi AS om å få endra tekst i manøvreringsreglementet for Jølstervatn gitt ved kgl.res. av 30.05.1952, med endring i 1958.

Bakgrunnen for søknaden er at Sunnfjord Energi AS ønskjer å bygge om eksisterande nåledam ved utløpet av Jølstervatn og erstatte denne med ein meir moderne lukedam. Arbeidet med å sette/fjerne nåler under flaum er risikofylt, og formålet med ombygging av dammen er å gi ein sikrare og enklare regulering av Jølstervatnet.

Sjølve ombygging av dammen vil bli handsama i medhald av gjeldande konsesjon av 30.05.1952. Detaljerte planer for sikkerheit, og planer for miljø og landskap, skal føreleggjast NVE og godkjennast av NVE før anleggsstart.

Vedlagt søknad gjeld endring av tekst i gjeldande manøvreringsreglement for Jølstervatn som siktar spesifikt til regulering med bruk av nåler som teknisk innretning. Sunnfjord Energi AS søker derfor om å få endra ordlyden i manøvreringsreglementet. Dei overordna prinsippa for reguleringa ligg fast og er ikkje søkt endra. Reguleringshøgder og fiskepassasje vil være som før. Sjå vedlagt søknad for meir informasjon.

Søknaden skal handsamast etter reglane i vassdragsreguleringslova § 10 nr. 3. Den blir kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

Søknaden med vedlegg er også tilgjengeleg på internettsida til NVE: www.nve.no/konsesjonssaker. De kan få ein papirversjon av søknaden ved å kontakte Kjell Johnny Kvamme hos Sunnfjord Energi AS på e-post: kjell.johnny.kvamme@sunnfjordenergi.no eller tlf 57 72 23 77.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Vi ber Jølster kommune om å kunngjere saka på sine heimesider, og leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg gjennomsyn på kommunehuset fram til 20. april 2017. Det eine eksemplaret kan om naudsynt lånast ut for kortare tid (2- 3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Fråsegner kan sendast via internett www.nve.no/konsesjonssaker , e-post nve@nve.no eller i brev til NVE-Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, så snart som mogeleg og seinast **20.april 2017.**

Fråsegner eller delar av fråsegner vil bli referert i innstillinga i saka frå NVE til Olje- og energidepartementet (OED). Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det er utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Fråsegner er offentlege dokument. Sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

Ingrid Haug
seniorrådgiver

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Søknad med vedlegg
 Kunngjeringsstekst

Mottakerliste:

Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Jølster Jakt og Fiskelag
Jølster kommune
JØLSTER RAFTING AS
Jølvassbu Camping
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
NHO Reiseliv
Norges Jeger- og Fiskerforbund - Sogn og Fjordane
Norsk Fiskesenter AS
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Sogn og Fjordane Turlag
Statens Vegvesen - region vest

Kopi til:

Sunnfjord Energi AS

